



Vidar Ingebregtsen

Isdal 57

5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1712 - 19/17955

Saksbehandlar:

Atle Dingen

Atle.Dingen@lindas.kommune.no

Dato:

07.06.2019

Vedk. rehabilitering/ny leidningstrase Istdalgardane

Dette brevet blir sendt til alle grunneigarar i området.

Dersom vi ikkje får tilbakemelding om at det er aktuelt å inngå avtale om avståing av grunn etter standard vilkår, innan utgangen av juni månad 2019 frå aktuelle grunneigarar i ny trase, ser vi oss nøydde til å rehabilitera hovudvassleidning i gammal trase.

Vedk. rehabilitering/ny leidningstrase Istdalgardane

Lindås Kommune har planar om å fornya hovud vassleidningen som går frå området ved Istdal vatnet og ned mot innkjøring Istdalgardane sør.

Etter anbefalingar, var planen å leggje ny leidning gjennom Istdal vatnet. I samband med etablering av ny trase for hovudvassleidning, ser vi også at det er aktuelt å leggja ein avlaupspumpeleidning. Dette vil kunne gje alle i området moglekeit til å få tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg, via eiga avlaupspumpe. Då vil ein heller ikkje ha behov for slamavskiljar, avlaup vil bli ført til avlaupsreinseanlegget på Istdal.

I dag er det kun løysingar med slamavskiljar og spreidegrøft i området, -ein løysing som ikkje lenger blir godkjend.

Det kan og fram i tid bli stilt krav om oppdatering av eksisterande avlaupssanlegg, med dei kostnader dette vil medføra for kvar enkelt huseigar.

Nettstar AS er også interessert i å vera med i den nye traseen, med trekkerøyr for fiber, som dei har planar om å etablera i området. For dei er det ei mykje betre og sikrare løysing med trekkerøyr i bakken, enn alternativet med å gå i luftspenn.

Etter dialog med dei grunneigarane som er aktuelle for grunnavståing, ser det ikkje ut til at vi kan kome fram til ei løysing innanfor dei rammene kommunen i dag er forplikta til. Grunnavtalar er standard avtalar, det er difor ikkje mogleg å inngå grunnavtalar som vik frå standard i så stor grad.

Dersom vi no ikkje kjem fram til ei løysing med grunneigarane, ser vi oss nøydde til å etablira ein ny leidning i den gamle traseen, der kommunen har rett til drift og vedlikehald. Dette er i utgangspunktet ikkje noko god løysing, verken økonomisk eller praktisk. Vi får heller inga løysing med avlaupspumpeleidning og trekkerøyr for fiber.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Drift og utbygging av vatn og avlaup er finansiert med gebyr, dette er lovpålagt. Unødige kostbare løysingar ved utbygging og rehabilitering av leidningsnett, vert belasta kommunen sine abonnentar.

Med helsing

Atle Dingen
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aina Isdal Haugland	Radøyvegen 2610	5937	BØVÅGEN
Kjetil Leknes Isdal	Isdal 79	5916	ISDALSTØ
Vidar Ingebregtsen	Isdal 57	5916	ISDALSTØ